

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8107 dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	2006/00143
Mottatt:	12 MAI 2006 MØ/SOV
Saksnr.:	MBO 713
Kopj.:	Saksnr.:

Isdalstø 11.05.06


Høyringsuttale. "Forslag til endring av Lov av 15. juni 2001 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell" -

Regionrådet Nordhordland IKS har disse medlemskommunane: Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy.
Styret i Regionrådet handsama saka om "Endringar i lov av 15. juni 2001" på sitt styremøte 5. mai 2006 og gjorde til orientering slikt vedtak:

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS ønskjer ikkje at dei statlege oppgåvene som er tilrådd i endringane til Lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinær og annet dyrehelsepersonell vert overført til kommunane.

Om kommunane likevel vert gitt ansvaret for veterinærdekninga og vaktordninga må staten fullfinansiere ordninga innafor det som kommunane definerer som eit tilfredsstillande veterinærtilbod.

Med helsing
Regionrådet Nordhordland IKS



Eilif M. Berntsen
dagleg leiar

Vedlegg: styresak 17/06.

Sak 17/06 Høyring. Forslag til endring av Lov av 15. juni 2001 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell

Det vert vist til Landbruks- og matdepartementet sitt brev av 15.02.2006 om forslag til endring av dyrehelsepersonelloven. Høyringsfrist er sett til 15. mai 2006 - sjå vedlegg..

Utgangspunktet for endringsframlegget er å etablere eit kommunalt ansvar for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell, her under gje kommunane ansvar for klinisk veterinærvakt.

I forslaget er det lagt opp til at føremålet i loven - § 1 anna ledd vert oppheva og erstatta med ny § 3a.

I § 1 anna ledd står det at: Staten har det overordnede ansvaret for å sikre en landsdekkende dyrehelsetjeneste.

Dette vert tilrådd erstatta med § 3a: Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell.

§ 26 i lova, som gjeld klinisk vakt, er og tilrådd oppheva og erstatta av § 3a.

Ansvarstilhøve.

Kommunane skal sjølv definere kva som er tilfredsstillande veterinærdekning og vaktordning. Veterinærtilbodet vil kunne verte særst ulikt i dei einskilde kommunane og gje usikkerhet m.a. for husdyrnæringa.

Om staten har som ambisjon å halde oppe ei tilfredsstillande vernebuving mot alvorlege smittsame sjukdomar bør staten og ha hand om den kliniske veterinærvakta. Dersom kommunane skal definere vernebuingsnivået kan dette verte særst ulikt rundt om i landet.

Økonomiske tilhøve.

I framlegget til lovendring er det føresett at dei økonomiske kostnadene ved det nye lovpålagte ansvaret skal verte ein del av rammetilskottet til kommunane. Det er i framlegget likevel ikkje sannsynleggjort at overføringane frå staten vil dekkje dei reelle kostnadene med ordninga for kommunane i framtida.

Framlegg til vedtak:

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS ønskjer ikkje at dei statlege oppgåvene som er tilrådd i endringane til Lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinær og annet dyrehelsepersonell vert overført til kommunane.

Om kommunane likevel vert gitt ansvaret for veterinærdekninga og vaktordninga må staten fullfinansiere ordninga innafor det som kommunane definerer som eit tilfredsstillande veterinærtilbod.